

Juledekorasjonen på blomebutikken som alle legg merke til.

13.11.2020



Gro's Blomster legg kvart år ned mykje arbeid i å få juledekorasjonen på plass.

**Juledekorasjonen ved inngangen på Gro`s Blomster er på plass. Installasjonen vert laga kvart år og det
ligg mykje arbeid bak monteringen. Fastbuande og andre som kører gjennom sentrum legg merke til
dekorasjonen. Det gjeld særleg om ein kjem frå Rosendal på veg mot Husnes.**

Gro Hjelmeland fortel til Uskedalen.no at sjølve bogen er laga av einer. Alle tilsette er med på jobben. Greiner vert lagt ut på bakken til ein har den rette forma og storleiken. Det vert vikla med streng. Heile dekorasjonen vert så festa på døra. Til slutt kjem lysa på plass. I tillegg er plassen dekorert, mellom anna med planter, buskar, krukker og kransar

Gro fortel at alt med jul er sterkt knytt opp til tradisjonar. Fargen raudt er alltid aktuell. Trenden i år er at vi vil sjå meir i kobber, gull, brunt og burgunder. Varme fargar er dominerande.

Gro`s Blomster vil ha utvida opningstider i den siste veka før jul.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Gro Hjelmeland